

MØTEBOK FOR VESTRE SLIDRE FJELLSTYRE

Sak nr: 39/2004

Møtedato: 8.9.04

Arkiv nr: S 790

S 790, Rensenn – søknad om tilbygg på sel

Nils Ivar Slåttsveen søker om å få føre opp tilbygg til kårselet. Det skal førast opp utedo og bod på tilsaman 8,5 m² og overbygd veranda med 12,5 m². Eksisterande utedo skal rivast.

I seterregisteret er følgjande registert:

- Sel 68 m²
- Dritsbygning 87 m²
- Kårsel mangler mål i seterregisteret
- Brakke 6 m²
- Naust 18,7 m²

Stølsjordet er leigd bort og stølen er derfor ikkje i bruk etter fjelloven.

Bygging på støl som ikkje er i bruk er regulert i § 14 i stølsforskriftene der det heiter:

På seter som ikkje er i bruk, men som ikkje er fallen i det fri, kan seterbrukaren halde husa ved like på ordinært vis. Seterbrukaren kan etter samtykke frå Statskog utvide seterhusa eller setje opp eit nytt seterhus på visse vilkår, som til dømes at hus som alt står skal rivast. § 13 andre stykket i denne forskrifta gjeld tilsvarande. Før Statskog tek avgjerd skal fjellstyret ha saka til fråsegn.

Vedtak:

Fjellstyret har ingen merknader til søknaden.

Vedtaket er einstemmig .

Vestre Slidre fjellstyre den 30.9.04

Harald Ranum
sekretær

Utskrift: Nils Ivar Slåttsveen, 2960 Røn
Vestre Slidre kommune
Statskog